



# PROGRAM

27. – 31. AUGUST 2025

## ONSDAG 27/8

### 18:30 - Vernissage, Opedaltunet

Velkommen til opning av årets festivalutstilling!

Festivalkunstnaren Lisa Him-Jensen inviterer oss inn i sitt kunstnariske univers, der klangar og bølger forplantar seg i teikning, måleri, dikt og grafikk, og eit sniglehus kan verta eit lekamne frå himmelen. Bli med på ei visuell oppdagingsferd, møt kunstnaren og lat deg inspirera av møtet mellom kunsten og Hardanger.

Gratis

---

## TORSDAG 28/8

### 12:45 - Songen du har kjær, Kinsarvik Kyrkje

Har du ein song som tyder noko heilt spesielt for deg? Ein melodi som vekkjer minne, får deg til å smila eller gjev deg gåsehud? I denne føremiddagsstunda får publikum høve til å vera med og påverka programmet, gjennom ynskje sendt inn på førehand.

Songarar frå Song Circus, fiolinist Ariane Alvestad og pianist Torgeir Kinne Solsvik gjev liv til ynskja dine med vakre tolkingar og stemningsfull musikk. Kanskje høyrer du att ein gammal favoritt – eller oppdagar ein ny? Ei nær og personleg konsertoppleving, der songane du har kjær får skina.

**Send ditt ynskje til [therese@hardangermusikkfest.no](mailto:therese@hardangermusikkfest.no)**

Pris 275 kr

---

### **18:30 - Opningskonsert, Ullensvang Kyrkje**

Opplev klangen av tradisjon som møter nyskaping!

Årets opningskonsert byr på frisk folkemusikk og urframføring av Herman Vogt sin nye strykekvartett. Vidare tek Harpreet Bansal oss med til India med verket Otherwise, der hennar fiolinspel og Andreas Bratlie sine tabla smeltar saman med klangane frå strykekvartetten.

Til slutt vender me attende til den klassiske kjernen med Haydns Keisarkvartett – eit meisterverk som har inspirert musistarar i over to hundre år.

Pris 375 kr

### **20:30 - Dicke Dick Dickens, Krossvoll**

Ein radioteaterkonsert full av action, humor og skurkeri!

Klar for eit gjensyn – eller ditt fyrste møte – med verdas farlegaste forbrytar? Den legendariske skikkelsen Dickie Dick Dickens er tilbake i ein ellevill radioteaterkonsert der spenning og musikk går hand i hand.

Når erkerivalen Jim Cooper legg ein djevlesk plan for å ta han ein gong for alle, vert det dramatik, overraskingar – og kanskje ein solid dose kaos. Ivar Nergaard fortel historia med si unike forteljarkunst, medan NyNorsk Messingkvintett sørgjer for lydeffektar du aldri trudde kunne koma frå messingblåsarar – frå geværskalvar til måseskrik og oppkast!

Musikk og manus er skapt av Erlend Skomsvoll, inspirert av Paul Skoes radioteaterdramatisering for NRK, med tekst av Rolf og Alexandra Becker og musikk av Maj og Gunnar Sønstevoid.

Ein kveld spekka med humor, nostalgi og halsbrekkande action – anten du hugsar originalen eller oppdagar Dickie Dick Dickens for aller fyrste gong!

Pris 375 kr

---

## **FREDAG 29/8**

### **10:00 - Musikalsk brunsj med Opus13, Fløy**

Nyt nysteikt bakst, herleg kaffi – og klangen frå ein av skandinavia sine mest spanande unge strykekvartettar! Opus13 byr på ein stemningsfull føremiddagskonsert i dei sjarmerande omgjevnadene på Fløy bakeri. Lat deg omfamna av vakre tonar i ei uformell og intim ramme.

Pris 275 kr

### **12:30 - Rapsodi i grønt, Ullensvang Kyrkje**

Ei konsertoppleving der natur, ettertanke og musikalsk kraft får skina!

Gjennom eit variert landskap av klangar og uttrykk – frå det leikande og rytmiske til det mørke og ettertenksame.

Frå Knut Nystedt sin Rhapsody in Green til Ligeti sin ekspressive cellosonate og Britten sin gripande Elegy for bratsj, utforskar denne konserten musikk som rører, utfordrar og begeistrar.

---

Her møtest leikande energi, mystiske stemningar og djupe musikalske refleksjonar – frå Lutoslawski sitt sprelske opningsverk til Thoresen sitt gåtefulle Mortal Charm, Aperghis sine drivande rytmar og Kvernberg sin vakre “Mellom granane”.

Ei oppleving med sterke kontrastar og stemningsfulle klanger.

Pris 275 kr

### **16:00 - Ytringsfrihet i kunsten I - kneblet eller motivert?, Skrivargarden**

Korleis vert kunsten påverka av sensur, undertrykking og politisk press? Denne djupdykkande konserten set søkjelys på Dmitrij Sjostakovitsj, ein komponist som balanserte mellom kunstnarisk integritet og regimet sine strenge krav.

Four Monologues on Verses of Pushkin krinsar rundt svik, tap og minne. Desse songane var Sjostakovitsj sin første seriøse komposisjon etter dei brutale åtaka på han i 1936, og dei speglar ein kunstnar i indre kamp med makta – og seg sjølv. Kva historiar gøymmer seg bak notane? Korleis kan musikk formidla det som ikkje kan seiast høgt?

Pris 275 kr

### **18:00 - Varshakala, Ullensvang Kyrkje**

Varshakala – Musikk i monsunens natt

Varshakala tyder «regnkunst» på sanskrit, og dette verket tek oss med til ei natt under regntida i India. Fiolinist Harpreet Bansal, cellist Svante Henryson og vokalensemblet Song Circus leikar seg med klanger og stemningar som speglar lengt, mørke og draumar som ventar på å bli oppfylde. Songarane skapar ei heilt spesiell stemning – eit musikalsk ritual som kallar på regnet og natta.

Her møtest improvisasjon, tradisjon og nye tonar i ei hypnotisk konsertoppleving.

Pris 375 kr

### **21:00 - Siderstove, Krossvoll**

Ein triveleg fredagskveld på Krossvoll, der smak, historier og musikk møtest! To av Hardanger sine siderprodusentar – Eirik frå Hardanger Saft- og Siderfabrikk og Ingrid frå Hardangerbonden – deler sin lidenskap for handverksider, frå eple til flaske. Du får høyra om prosessen bak dei gyldne dråpane, smaka på herlege variantar og høyra forteljingar frå produsentane sjølve.

Kvelden vert krydra med musikalske innslag frå festivalen sine artistar. Ein kveld for sider, samvær og sansar i spell!

Pris 595 kr

---

---

## LAURDAG 30/8

### 11:00 - Ytringsfrihet i kunsten II - Likevel synger de, Skrivargarden

"Dette er verda. Vagrare enn me likar å veta, og meir skjør, skjørare enn me toler.»

Mansur Rajih sin poesi har heile sitt vaksne liv vore ei røyst for fridom, forsoning og rettferd – ei røyst som ikkje lét seg knebla, sjølv etter 15 år i fengsel. Dikta hans vart smugla ut og lese over heile den arabiske verda, og i dag, som fribyforfattar i Stavanger, held han fram med å skriva med ei sjeldan poetisk inderlegheit. I Likevel syng dei møter Rajih sine ord eit musikalsk univers der rytmar og ornamentikk frå det osmanske riket vert fletta saman med harmoniske strukturar frå den folkemusikalske haugianar-tradisjonen i Vestfold. Konserten er ei hyllest til kunsten, poesien og den ukuelege krafta i det frie ordet.

Pris 275 kr

### 13:30 - Ullensvang Skulemusikklag og Nynorsk Messingkvintett, Krossvoll

Velkommen til en konsert der unge skolekorpsmusikanter får dele scene med erfarne, profesjonelle blåsere. Her står samspill og musikkglede i sentrum.

Pris 300 kr (2 vaksne + 3 born) / 150 kr (per vaksen) / 50 kr (per born)

### 15:30 - Frå funna på vidda, Ullensvang Kyrkje

Opplev eit splitter nytt verk inspirert av Hardanger, norsk folkemusikk og den storslåtte Hardangervidda! Då komponisten Giovanni Grosskopf vitja Hardanger i 2019, vart han djupt rørt av den norske naturen, eventyrlege segner og den autentiske folkemusikken. Resultatet vart stykket Frå funna på vidda – ei musikalsk oppdagingsferd i ni satsar, skrive for to hardingfeler og klaver.

Verket fekk sitt startskot under ein minikonsert på Hardanger folkemuseum, der Grosskopf hørde det unge hardingfeletalentet Jonas Laupsa og bestefaren hans, den anerkjende hardingfelespelaren Knut Hamre. Erlend Viken, Hanna Kallestad, Ariane Jebsen Alvestad og Julius von Forstner gjev liv til denne unike musikkreisa.

Pris 275 kr

### 19:00 - Festkonsert, Ullensvang Kyrkje

Velkomen til ein festkonsert med handplukka og varierte musikkopplevingar!

Her får du heile spekteret av årets festivalartistar – ein smakebit av alt festivalen rommar. I den historiske og stemningsfulle Ullensvang kyrkje samlar me festivalens mangfaldige uttrykk til ein aftan fylt med kreativitet, vakker musikk og magiske augneblink.

Eit sikkert val for musikkelskaren!

Pris 475 kr

---

### **21:00 - Erlend Viken Trio, Krossvoll**

Hardingfele, el-gitar og kontrabass smeltar saman og skapar eit lydbilete rotfesta i norsk tradisjonsmusikk, krydra med impulsar frå improvisasjonsmusikk, rock og ørkenblues. Her møter den varme, tradisjonelle klangen frå hardingfela den elektriske energien frå el-gitaren og den djupe, pulserande rytmen frå kontrabassen.

"Dette er musikk som treffer deg uansett om du er tilhenger av folkemusikk, rock eller blues" - (Adresseavisen)

Pris 375 kr

---

### **SUNDAG 31/8**

#### **11:00 - Barnekonserert, Krossvoll**

Velkomen til familiekonsert der musikk og forteljing går hand i hand! Fiolinist Hanna Kallestad, baryton og pianist Julius von Forstner, og forteljar Agnethe Sørlien inviterer til ei kjekk stund fylt med fengande tonar, eventyrlege historier og musikalske overraskingar. Muskarane tek oss med inn i ei verd der alt kan skje – der tonane dansar og karakterane får liv. Ei konsertoppleving for heile familien!

Pris 300 kr (2 vaksne + 3 born) / 150 kr (per vaksen) / 50 kr (per born)

#### **12:00 - Frå Bach til i dag, Skrivargarden på Hesthamar**

I idylliske Skrivargarden på Hesthamar får musikken sveve fritt mellom tidsepoker og uttrykk! Fiolinist Ariane Jebsen Alvestad, cellist Svante Henryson og perkusjonist Andreas Bratlie lar barokkens elegante linjer, møte romantiske klangar, improviserte landskap og moderne rytmar. I den intime og stemningsfulle ramma på Skrivargarden får du oppleve musikken tett på – med nerve, varme og lidenskap.

Pris 275 kr

#### **12:00 - Griegvitjing, Ullensvang Kyrkje**

Ein konsert med røter og nyskaping. Med Edvard Grieg sin Strykekvartett nr. 2 som ein musikalsk raud tråd, leitar me etter både røtene og det nye i norsk musikktradisjon. På programmet står Martin Ødegaard sin strykekvartett "Roots – Sylva Sylvarum", eit verk som speglar inspirasjon frå naturen og den klassiske tradisjonen på ein nyskapande måte. I tillegg får me oppleve Grieg sitt lyriske Andante con moto og Sonatina nr. 2 for piano av Anne-Marie Ørbeck, ein av Noregs høgt profilerte komponistar på 1900-talet.

Pris 275 kr

---

### 15:00 - Atterklang, Kraftkatedralen

Ei mektig og minneverdig avslutning på festivalen – ei konsertoppleving du vil bere med deg lenge! Klanger gjennom tid og eit unikt rom. I den mektige Kraftkatedralen i Tyssedal rundar me av festivalen med ein storslått avslutningskonsert, der tidlause tonar møter ny musikk. På scena står eit unikt ensemble av nokre av festivalens mest særprega musikarar: Harpreet Bansal, NyNorsk Messingkvintett, Song Circus og Erlend Viken, som saman skapar eit lydunivers fylt med kontrastar – frå det vare og vakre til det kraftfulle og ekspressive. Kraftkatedralen, med sin storslåtte akustikk og industrielle historie, vert ein del av opplevinga – ein stad der musikken får rom til å sveva, og der me kan ta inn både stillheita, styrken og dei skiftande stemningane. Konserten spenner frå den inderlege og gripande barokkmusikken i Pergolesi sitt Stabat Mater, via eit heilt nytt verk av fiolinist og komponist Harpreet Bansal, til dei kraftfulle klangerne i Jorunn Marie Kvernberg si Vardøger. Ei mektig og minneverdig avslutning på festivalen – ei konsertoppleving du vil bera med deg lenge!

Pris 395 kr

### Billettinformasjon

Du finn alle billetter inne på TicketCo. Me tilbyr festivalpass og enkeltbilletter.

Har du spørsmål? Berre ta kontakt :-)

[billett@hardangermusikkfest.no](mailto:billett@hardangermusikkfest.no)

+47 90602248

Bli med inn i bobla med oss!



**HARDANGER  
MUSIKKFEST**

27. – 31. AUGUST 2025